

Global apartheid?

Tore Linné Eriksen

Få personar i nyare historie er så beundra og respekterte som Nelson Mandela. I 1990 blei han sett fri etter 27 år bak fengselsmurane. Fire år seinare var han førstegongsveljar i ein alder av 76 år, og blei vald til president i eit Sør-Afrika der hudfargen ikkje lenger avgjorde kven som hadde stemmerett. Da hadde han gjennom heile livet kjempa mot eit samfunnssystem som er kjent som apartheid. I praksis var det namnet på eit samfunn der eit kvitt mindretal hadde all økonomisk og politisk makt. Ein del menneske har begynt å sjå parallellar mellom det tidlegare sørafrikanske apartheidsystemet og dagens internasjonale politiske og økonomiske system.

- Er verda i dag så full av forskjellar at vi kan tale om global apartheid?
- Kva er det i dag som held det store folkefleirtalet i verda nede?
- Vil sør reise seg mot dei globale makthavarane slik dei svarte i Sør-Afrika reiste seg mot det kvitte mindretalet?

Når det rasistiske systemet i Sør-Afrika blei stempla av FN som eit brotsverk mot menneska, var det ikkje bare fordi apartheid nekta det store fleirtalet politiske rettar. Det var også fordi den store kløfta mellom fattig og rik følgde rasegrenser. Millionar av afrikanarar var dømde til fattigdom, undernæring og dødelege sjukdommar. Dei blei nekta skolegang og fekk ikkje eige jord.

Apartheid i global målestokk?


I dag er apartheidsystemet forvist til historiebøkene, sjølv om det vil ta lang tid å rette opp dei umenneskelege forskjellane mellom svart og kvitt, mellom fattig og rik. Men kanskje lever apartheid vidare om vi tenker på korleis vår felles jordklode ser ut? Viss apartheid var eit brotsverk mot menneska, kva skal vi da kalle den rådande økonomiske verdsordninga? I dag går 8–900 millionar menneske svoltne til sengs kvar kveld. 120 millionar barn i skolealder går ikkje på skole. Meir enn 30 000 barn dør kvar einaste dag av svolt og sjukdommar.

Samanlikninga mellom apartheidsystemet og verdssamfunnet dukkar stadig oftare opp i både fagbøker og i politiske taler. Ikkje minst blei det lagt merke til under FN's store miljøkonferanse i Johannesburg i 2002 at den sørafrikanske presidenten, Thabo Mbeki, brukte omgrepet **global apartheid**. Mbeki, som både hadde vakse opp under apartheid og seinare blei driven på flukt for sin støtte til frigjøringskampen, visste av erfaring godt kva eit slikt omgrep betyr. Akkurat som kampen mot apartheid etter kvart fekk brei støtte rundt om i verda, uttrykte den sørafrikanske presidenten håp om ein tilsvarende internasjonal innsats i kampen mot global urettferd.

Kva meiner forfattaren med global apartheid?

Diskuter i klassen kva teiknaren vil ha fram med teikninga si.


Illustrasjon:
Caglecartoons.com



HF Verwoerd var statsminister i Sør-Afrika (1958-66) og ein frontfigur for apartheidregimet

Global apartheid?

Utgifter til privat forbruk og befolkningsandel, etter region 2000



Kjelde: State of the World 2004, www.worldwatch.org

Alt har ei historie

Ulikskap og urettferd har ikkje oppstått av seg sjølve. Viss vi trekker noen linjer bakover, er det ikkje vanskeleg å sjå korleis både apartheid i Sør-Afrika og maktforholda i verdssamfunnet er blitt til gjennom ei felles historie.

Apartheidssystemet går tilbake til dei

Korleis skulle dei parvise søylene for kvar region sett ut om alle menneske forbrakte heilt likt? Kva for regionar overforbruker og kva for regionar underforbruker?

Kva meiner forfattaren med at «alt har ei historie»?

Grådigskap og apartheid

Tidlegare miljøvernminister Børge Brende (Høgre) fekk sitt første møte med Sør-Afrika under FN-toppmøtet i Johannesburg i 2002. Da han blei spurd av ein journalist om grådigs- skapen til den rike eliten er årsak til global apartheid i dag, var svaret: «Ja, urettferda på kloden mellom dei få rike og massane av fattige kan samanliknast med apartheid.»

Kyoto-avtala: brei internasjonal avtale inngått i Kyoto (Japan) i 1997. I avtala har industrilanda forplikta seg til å redusere utsleppa sine av drivhusgassar med 5,2 % innan 2012 i forhold til nivået i 1990. Etter at Russland nyleg godkjende avtala, er avtala i ferd med å tre i kraft. Storutslepparen USA står utanfor.

første europearane som slo seg ned i det sørlege Afrika midt på 1600-talet. Dei brukte våpenmakt for å ta jorda frå dei som allereie budde der. Når det ikkje var nok arbeidskraft til storgardane deira, henta dei slavar frå andre delar av Afrika. På liknande vis blei også millionar av afrikanarar frakta over Atlanterhavet for å slitte i gruvene eller dyrke bomull, sukker og tobakk til vår del av verda.

På 1800-talet la Storbritannia under seg store delar av verda, i det som skolebøkene kallar imperialismens tidsalder. Drivkreftene var dei same både i Sør-Afrika, i India og i Egypt: makt og kamp om råvarer og profitt. Dette var vevd tett saman med ei usvikeleg tru på at europearar hadde ein nærast gudegitt rett til å herske over andre. Rasisme er ikkje avgrensa til Sør-Afrika, men har i fleire hundre år vore ei grunnfesta haldning i vestleg kultur.

Tidleg på 1900-talet blei Sør-Afrika ein samla stat etter langvarige og blodige krigar, der overlegen britisk våpenmakt førte til at utanlandske storselskap fekk kontroll over gull- og diamantressursane. Landets lover nekta afrikanarar både å stemme og å opphalde seg i byane viss det ikkje var behov for den billige arbeidskrafta deira. Det er ikkje så ulikt dagens Europa, der varer og pengar flyt fritt, mens innvandrarar, flyktningar og asylsøkarar møter høge murar. Og heile tida blei apartheid halde oppe av **brutal militærmakt**. I takt med aukande motstand frå det svarte fleirtalet førte dei kvite styresmaktene krig både mot landets eigne innbyggjarar og mot ei rekke naboland. På same måte blir militærmakt i dag brukt til å trygge stormaktens herre-

dømme og kontroll over naturressursar – slik som olje – rundt om i verda.

Rik og fattig, svart og kvit

Om vi ser på korleis folk lever (og dør), og korleis makt og ressursar er fordelte, er det lett å få auge på fellestrekk mellom Sør-Afrika og verdssamfunnet. Heilt fram til apartheidstatens siste dagar eigde det kvite mindretallet 87 % av jorda. Tal frå FN's utviklingsprogram (UNDP) viser at den rikeste femdelen i verda har 86 % av dei samla inntektene. Og andelen ser ut til å stige for kvart einaste år. Industrilanda i nord (Japan medrekna) har 15 % av verdas innbyggjarar, men står for 70–80 % av alt som blir produsert og forbrukt.

UNDP presenterte for få år sidan også ei opplysning som verkar heilt ufattelleg: 225 dollarmilliardærar, som nesten alle er kvite, har ei samla formue som svarer til inntekta til land der to milliardar menneske bur – ein tredel av jordas befolkning. Ein kan nok måle fattigdom og ulikskap på mange ulike måtar, og fagfolk stridast om statistikk. Likevel er det eit faktum at om lag halvparten av alle menneske i verda må klare seg med mindre enn to dollar om dagen. Dei færraste av dei er kvite i huden.

Forskjellar mellom Afrika og Norge

Under apartheid i Sør-Afrika var forskjellen i levealder mellom svarte og kvite så stor som 15 år. Det er lett å bli einige om at eit slikt system er umoralsk. Men forskjellane er langt større om vi samanliknar Norge med forholda i Afrika sør for Sahara under eitt. Da ser vi at gjennomsnittleg levealder i Norge er 78 år, i Afrika bare 48 år. Her er altså forskjellen meir enn 30 år. Samanlikna med Norge, er risikoen for å dø før fylte fem år 40 gonger større i Afrika. Risikoen for at afrikanske kvinner dør under svangerskap og fødsel er 150 gonger høgare enn i Norge.

Det heiter ofte at vi alle har rykka nærare kvarandre i globaliseringens tidsalder, at vi lever i ei open verd og at internett har brutt ned grenser mellom statar og menneske. Noen snakkar om fellesskap i «den globale landsbyen». Men det er så visst ikkje slik at alle er koplta til kvarandre med ny teknologi. FN nyttar omgrepet «dei minst utvikla landa» på dei 50 fattigaste landa i verda, land med nær 700 mil-

Global apartheid?

Årlege utgifter til luksusgode - kva kostar det å møte grunnbehova til dei fattigaste?			
Produkt	Årlege utgifter	Sosiale eller økonomiske mål	Årlege tilleggsg-utgifter for å nå målet
Makeup	18 mrd. \$	Helseomsorg for gravide/fødande/barsel	12 mrd. \$
Mat til kjæledyr	17 mrd. \$	Bekjempe sult og undernærning	19 mrd. \$
Parfyme	15 mrd. \$	Global lese- og skrivekyndighet	5 mrd. \$
Luksuscruise	14 mrd. \$	Reint drikkevatt for alle	10 mrd. \$
Iskrem i Europa	11 mrd. \$	Vaksinering av alle barn	1,3 mrd. \$

Kjelde: Earthscan/Worldwatch Institute, State of the World 2004

Ut frå mellom anna tabellen over: Diskuter korleis de kan vise meir omsorg for dei i verds-samfunnet som er dårlegast stilt.

Diskuter mulige indre forhold i u-landa sjølve som kan bidra til å forklare situasjonen dei er i.

Drøft påstanden: «I vår verd betyr eit ja til menneskerettar og menneskeverd ei plikt til å hjelpe menneske over heile verda til å få eit verdig liv.»

Diskuter forskjellane i levealder i Sør-Afrika under apartheidsystemet sett opp mot dei globale forskjellane i levealder.

Kva meiner forfattaren med at overflod og botnlaus fattigdom er to sider av same system?

Diskuter om Sør-Afrikas nære forhistorie har ei overføringsverdi til oss i dag.

lionar innbyggjarar i alt. Dei fleste av dei bur i Afrika. For eit par år sidan viste internasjonal statistikk at 4,5 millionar nordmenn aleine hadde tre gonger så mange tilkoplingar til internett som dei minst utvikla landa hadde til saman.

Kva blir ressursane brukte til?

Apartheidsamfunnet i Sør-Afrika var kjenneteikna av groteske forskjellar i korleis landets naturressursar og statens økonomiske middel blei brukte. Lenge blei det brukt meir pengar på utdanning for 4 millionar kvite enn for 35 millionar svarte. Den beste jorda blei dyrka av kvite storbønder med afrikansk arbeidskraft som nærast levde som slavar, og landbruksstyresmaktene ga langt meir støtte til dei fruktbare landområda enn til dei karrige reservata der det afrikanske fleirtalet var stua saman. Når Sør-Afrika kunne eksportere frukt, sukker og kjøtt i store mengder til vår del av verda, var det ikkje minst fordi fattigfolk, som produserte desse varene, sjølv ikkje hadde råd til å spise seg mette. **Overflod og botnlaus fattigdom var to sider av same system.**

Frå tid til anna blir det også utarbeidd oversikter som fortel om forbruket i verda – både globalt og fordelt på regionar og land. I siste utgåve av den årlege rapporten frå Worldwatch Institute (på norsk: *Jordas tilstand 2004*) får vi vite at noen industriland med i overkant av 10 % av innbyggjarane står for over 60 % av samla forbruk i verdssamfunnet, mens landa i Sør-Asia – med over 30 % av verdas innbyggjarar – står for ca. 3 % av samla forbruk.

Nyttar det med omfordeling?

I apartheidtida brukte mange kvite som argument at det ville monne så lite med omfordeling av goda, ettersom det var så få kvite og så mange svarte. Slike tankar er utbreidde også i vår del av verda, men i *Jordas tilstand 2004* har ein sett nærare på kor mye (eller kor lite) som skal til for å rette opp noen av dei mest groteske forskjellane. Her får vi vite at det vil koste

1,3 milliardar dollar (om lag 8 mrd. kroner) å framskaffe nødvendige vaksinar til alle barn. Det er ein åttedel av det som årleg blir brukt på iskrem i Europa. På same måte som blant svarte i sørafrikanske storbyar manglar ein stor del av innbyggjarane i sør tilgang til reint drikkevatt. For å løse dette problemet vil det krevje årlege løyvingar på 10 milliardar dollar (60–70 mrd. kroner). Beløpet er høgt, men på langt nær så høgt som det som årleg blir brukt på cruiseskip.

Miljørasisme?

Apartheid er eit system utan respekt for menneskeliv, og da kan ein heller ikkje vente at det blei tatt omsyn til miljø og naturressursar. Det er derfor ei tung oppgave for dei nye styresmaktene å rydde opp i forureining, giftige slagghaugar og døde elver. Aller mest alvorleg er erosjon og andre former for utpining av den skrinne jorda som det afrikanske fleirtalet blei pressa saman på.

På same måte finst det forskarar og miljøaktivistar som nyttar uttrykket «miljørasisme» når vi ser verda under eitt. Kan hende er det ikkje tilfeldig at delar av den mest forureinande industrien i vår del av verda er flytta sørover, eller at mange av dei største gift- og miljøskandalane har funne stad i Asia, Afrika og Latin-Amerika. Ofte har utanlandske storselskap vore ansvarlege, samstundes som dei har gjort lite for å rydde opp etter seg eller betale erstatning til lokalbefolkninga. Aller mest slåande, ikkje minst i eit moralsk perspektiv, er sjølvsgt den globale oppvarminga som trugar både noverande og framtidige generasjonar. Ein gjennomsnittssamerikanar slepp ut nærare 20 tonn CO₂ i året – 100 gonger meir enn ein gjennomsnittsafricanar. Samstundes som utslepp frå vår del av verda er dei langt største, tyder mye på at det er fattigfolk i sør som må bere dei tyngste byrdene av skadeverknadene – i form av tørke, flom og andre former for uregelmessig nedbør.

Med tanke på at USA utgjør den største hindringa for mottiltak gjennom Kyoto-protokollen, har Peter Singer – ein leiande moralfilosof ved Princeton-universitetet – samanlikna desse miljøbrotsverka med det sørafrikanske apartheidsystemet. Han viser blant anna til at det etter kvart blei internasjonal semje om å innføre økonomiske straffetiltak mot Sør-Afrika for å

Global apartheid?

Mødredødstal, 2000		
Region	Døde per 100 000 levande fødte	Døde mødre
Industriland	20	2 500
Utviklingsland	440	527 000
Afrika	830	251 000
Nord Afrika	130	4 600
Sør for Sahara	920	247 000
Asia	330	253 000
Aust-Asia	55	11 000
Sør- og Sentral	520	207 000
Søraust-Asia	210	25 000
Vest-Asia	190	9 800
Latin-Amerika	190	22 000
Oceania	249	530
Verda totalt	400	529 000

Kjelde: Verdas helseorganisasjon 2004, www.who.int

Mødredødstal: mødre som døde i samband med graviditet, fødsel eller barsel

Drøft påstanden: «Globaliseringa – reduserte landegrensar – gjør alle meir forplikta til å bidra til økonomisk og politisk rettferd for alle i heile verda.»

Drøft påstanden: «I dagens samfunn bør den enkelte klare seg som best han eller ho kan.»

Drøft påstanden: «FN må vedta økonomiske sanksjonar mot dei landa som har det aller største forbruket av forskjellige ressursar.»

Tore Linné Eriksen er førsteamanuensis ved Høgskolen i Oslo, der han underviser i utviklingsstudier.

presse fram forandringar, og argumenterer for at det i dag er like stor grunn til å gjennomføre sanksjonar mot USA.

Finst det ein global moral?

Eit viktig kjenneteikn ved apartheidssystemet var at den kvite befolkninga i Sør-Afrika, med noen få unntak, brydde seg lite om at det afrikanske fleirtalet leid under fattigdom, undernæring og sjukdommar. Mange som har studert Sør-Afrikas historie, har undra seg over korleis

det var mulig å vise slik **mangel på kjensler og moral**.

Dessverre er ikkje evna til å lukke auga for urett og naud avgrensa til kvite sørafrikanarar under apartheid. Midt på 1970-talet ga rike industriland 0,35 % av samla bruttonasjonalprodukt (BNP) til ulike former for utviklingshjelp. Etter tretti år med høg vekst i vår del av verda er andelen redusert til 0,23 %. I det siste tiåret er pengeoverføringane til dei fattigaste landa i Afrika blitt mye mindre. Samstundes som hiv/aids, gjeldskrise og ei rekke tørkekatastrofar har fått FN til å be om forsterka innsats, har slike appellar blitt møtt med ei kald skulder. Det er ikkje tilfeldig at omgrepet global apartheid særleg blir brukt av afroamerikanske organisasjonar i USA. Her blir spørsmålet stilt: Ville det vore gjort så lite for å forebygge og lindre hiv/aids viss det ikkje var fattige og svarte menneske som i første rekke blei ramma? Medisinsk behandling er i dag mulig for dei aller fleste i vår del av verda. I andre verdsdelar er prisen så høg at fattigfolk er frådømde denne behandlinga. Dette er med rette kalla for helsemessig apartheid. Sjansen til å overleve er da langt på veg avhengig av kvar du er fødd og kva for ein hudfarge du har.

UNICEFs generalsekretær uttalte for noen år sidan at det var eit av dei største moralske nederlaga for verdssamfunnet at så lite var gjort for å slette utanlandsgjelda til afrikanske land. I Norge har fleire naudhjelpsorganisasjonar no gått saman om ein nasjonal dugnad for å skaffe ofra i Darfur i

Sudan til sammen 50 millionar kroner. Det er det same som det norske oljefondet aukar med på noen få timar.

Er ei anna verd mulig?

Det er mange som peikar på at globaliseringa har ført til at det bare er eitt økonomisk system i verda, og at nasjonale skrankar er i ferd med å bli reduserte. Viss dette er tilfelle, må ein reise spørsmålet: Kan moralsk ansvar for medmenneske og miljøet på kloden fortsatt stoppe ved nasjonale grensar? Og viss det er mange felles-trekk mellom apartheid i Sør-Afrika og verdssamfunnet, både når det gjeld makt og fordeling, kor store er utsiktene for ein frigjøringskamp som kan føre til grunnleggande forandringar? Er ikkje Sør-Afrikas nyaste historie trass alt fortellinga om at kamp nyttar?

Det kvite herredømmet blei avskaffa gjennom langvarig kamp, som kravde store offer. I denne frigjøringskampen, som blei leia av den afrikanske nasjonalkongressen (ANC), spelte ungdom, kirkesamfunn og fagforeiningar ei avgjørande rolle. På same måte er det i dag ein gryande motstand mot den rådande verdsordninga. I Sør-Afrika kjempar lokale aksjonsgrupper for reint vatn, tak over hovudet og billige aidsmedisin. På Filippinane krev titusenvis av kvinner retten til å danne fagforeiningar. I det oljerike Nigeria handlar det om å få Shell og andre oljeselskap til å betale erstatning for dei store miljøskadane dei valder. I Cochabamba i Bolivia demonstrerer fleire tusen mot privatisering av vatn og skyhøge prisar. I India kjempar småbønder mot internasjonale handelsreglar som tar frå dei levebrødet. I Brasil overtar ein organisasjon av jordlause landarbeidarar (MST) jord som store godseigarar let ligge brakk. I USA og Europa er mange titusen på gatene i protest når Verdsbanken eller Verdas handelsorganisasjon (WTO) held toppmøte.

Apartheidssystemet viste seg ikkje å vare evig. Det var ikkje naturgitt, men skapt av menneske. Og det som er skapt av menneske, kan menneske også forandre.

Alle arbeidsoppgåver og nettadresser: **sjå under.**